



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
04.10.2017  
Dykkar dato  
29.08.2017

Vår referanse  
2017/4674 611  
Dykkar referanse  
EIMUOL

Natås barnehage sa  
Sæveråsvegen 250  
5957 Myking

### Svar på søknad - Natås 2 - Tilretteleggingsmidler barnehage - lokale prioriteringer

Vi har motteke søknad om tilretteleggingstilskott for Eva Tvedt, som er tilsett i Natås barnehage sa.

Søknaden er godkjent for studieåret 2017-18 og Fylkesmannen i Hordaland overfører i desse dagar **kr. 25 000,-** til Lindås kommune. Kommunen vil deretter overføre midlane til barnehagen. Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar må de avtale lokalt korleis midlane skal fordelast.

Vi har dette året prioritert å gi tilskott til arbeidsplassbasert- og deltid barnehagelærerutdanning i Hordaland. For studium som utgjer 30 studiepoeng eller meir blir det utbetalt kr. 50 000 pr. år. For studium med færre enn 30 studiepoeng er satsen kr. 1700 kroner året for kvart studiepoeng.

#### Bruk av tilretteleggingsmidlar

Tilskottet er gitt for at barnehagen skal leggje til rette for ei god gjennomføring av Eva Tvedt sitt barnehagelærarstudium hausten 2017.

#### Barnehageeigar og studenten må samarbeide om bruken av tilskottet

Midlane skal gå til å dekke faktiske utlegg som den tilsette har hatt og som ho/han kan dokumentere. Dette er utgifter til reise, opphald, semesteravgift, til studiemateriell til det aktuelle studiet, eller andre dokumenterte utgifter. Midlane kan også brukast til vikar slik at den tilsette får permisjon med lønn.

I utgangspunktet skal ikkje midlane utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette. Dersom dette skal skje må *arbeidsgjevar og den tilsette* vert samde om dette, og den tilsette må orienterast om at det utløyser skatteplikt.

Det blir ikkje gitt ekstra tilskot for arbeidsgjevaravgift.

### **Andre halvdel blir utbetalt våren 2018**

Fylkesmannen utbetaler første halvdel av beløpet hausten 2017. For å få utbetalt midlar våren 2018, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følgje studieprogresjonen. Barnehageeigar må melde frå til kommunen som barnehagemyndigheit dersom den tilsette sluttar på studiet eller har forseinka studieprogresjon. Då har ein ikkje rett på tilskott. Kommunen gir beskjeden vidare til Fylkesmannen.

### **Andre vilkår**

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevillingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Eva Tvedt